



Arkivnr: 2015/3650-2  
Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		09.04.2015

### Eldrerådskonferansen 2015

#### Samandrag

Arbeidsutvalet (AU) fekk i rådsmøtet 5. februar 2015 mandat til å avgjere om eldrerådskonferanse for Hordaland skal arrangerast til hausten og eventuell dato for arrangementet.

Arbeidsutvalet meiner eldrerådskonferansen for kommunale eldreråd i Hordaland skal arrangerast 22.-23.september 2015 i Bergen.

Fylkeseldrerådet vil drøfte tema og innhald for konferansen i møte 9. april 2015.

#### Forslag til vedtak:

Fylkeseldrerådet vedtek å arrangere eldrerådskonferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland 22.-23. september 2015. Arbeidsutvalet får mandat til å utarbeide program og innkalling.

Janne Værnø  
seksjonsleiar

Arild Sondre Sekse  
sekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*